


NORDDAL KOMMUNE



BUDSJETT 2015

ØKONOMIPLAN 2015 -2018

Politisk handsaming:

<i>Utval</i>	<i>Saknr</i>	<i>Dato</i>
<i>Formannskap</i>	<i>127/137/14</i>	<i>03.11.14 og 24.11.14</i>
<i>Ungdomsrådet</i>		<i>17.11.14</i>
<i>Eldreråd</i>	<i>027/14</i>	<i>18.11.14</i>
<i>Råd for likestilling av funksjonshemma</i>	<i>027/14</i>	<i>20.11.14</i>
<i>Arbeidsmiljøutval</i>	<i>010/14</i>	<i>11.11.14</i>
<i>Offentleg ettersyn</i>		<i>24.11.13-11.12.13</i>
<i>Kommunestyre</i>	<i>100/14</i>	<i>11.12.13</i>

Innhold

Forord	3
Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Rammevilkår	4
Folketal	4
Inntekter	5
3. Finans	7
a) Utbytte og renteinntekter	7
b) Renteutgifter og avdrag	8
c) Avsetningar – bruk av fond	8
4. Drift	8
Til fordeling drift	9
Politisk styring, sentraladministrasjon og felleskostnader	9
Skule og barnehage	10
Kultur	10
Kyrkje og andre livssynsorganisasjonar	11
Helse, barnevern, sosiale tenester og flyktingeteneste	11
Plei og omsorg	12
Teknisk	13
Næring	14
Husleige Norrdal Eigedomsselskap	15
5. Investeringar	15
6. Norrdal Eigedomsselskap KF	17
7. Vedlegg	18
Budsjettvedtak	18
Budsjettskjema 1A	21
Budsjettskjema 1B	22
Budsjettskjema 2A	23
Budsjettskjema 2B	24
Driftsbudsjett Norrdal Eigedomsselskap KF	26

Forord

Det vil vere to versjonar av dette dokumentet, jfr økonomireglementet pkt 2.3:

1. Første versjon er rådmannen sitt framlegg til politisk handsaming
2. Andre versjon er vedteke budsjett og økonomiplan

Samandrag

Verksemdsleiarane fekk ei ramme tilsvarande budsjettet for 2014 med justering for tiltak som skal gi innsparing på 4,5 millionar i høve 2014, jamfør vedtak i formannskapet 8. september. Formannskapet vedtok ei ramme til fordeling drift på kr 137.607.000 i møtet 3. november 2014. Ramme vart endra til kr 139.057.000 i kommunestyret 11. desember 2014.

Det er budsjettert med ein reduksjon i inntektene på om lag 4,5 millionar i høve til budsjett for 2014. Det i grove trekk:

Netto reduksjon skatt og rammeoverføringar	1,5 millionar
Redusert inntekt frå sal av konsesjonskraft	1 million
Redusert aksjeutbytte frå Tafjord Kraft AS	2 millionar

Det vil vere krevjande for kommunen å tilpasse seg reduksjonen i inntektene. I tillegg til reduserte inntekter er dagens driftsnivå høgt. Det er naudsynt å redusere med mange årsverk.

Rådmannen har laga ein plan for reduksjon, og kommunestyret vedtok alt med unntak av 50 % stilling som naturforvaltar (næring).

Reduksjon i planperioden vil vere 18,8 årsverk.

Ansvarsområde	Reduksjon i høve budsjett 2014		
	2015	2016-2018	Sum
Sentraladministrasjon	1,0		1,0
Valldal skule/Syltebøen barnehage	0,3		0,3
Eidsdal skule	1,3	3,3	4,6
Kulturskulen	0,8		0,8
Kultur- og ungdomsarbeid	0,5		0,5
Bibliotek		0,36	0,4
Helse	1,6		1,6
Sosial NAV	0,5		0,5
Pleie og omsorg	7,1		7,1
Teknisk	1,0		1,0
Næring	0,0	1	1,0
	14,1	4,7	18,8

1. Innleiing

Kommunelova har krav om at kommunestyret ein gong per år skal handsame og vedta ein rullerande økonomiplan, jfr KL § 44. Det skal også vedtakast budsjett for komande kalenderår, KL § 45. Det er eit krav at budsjettet skal vere realistisk og at det skal ha eit resultat som dekker renter, avdrag og nødvendige avsettingar, KL § 46.

<http://www.lovdata.no/all/tl-19920925-107-011.html>

Norddal kommune legg fram budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18 til samla handsaming og felles vedtak. Første år i økonomiplanen er budsjett for 2015.

Kommuneplanen 2007-2018 samfunnsdelen skisserar seks hovudmål.

- Endringsvilje og endringsevne
- Kommunal identitet
- NaKuHel (Natur, kultur og helse)
- Næringsutvikling
- Samferdsle
- Miljø og berekraftig utvikling

Kommunal planstrategi for åra 2013 – 2016 pekar ut vegen vidare mot: bulyst, førebyggjande helsearbeid, tilrettelegging for friluftsliv, folkehelse, naturglede, næringsutvikling, samferdsel og berekraftig utvikling/miljø.

I økonomiplanen er det teke omsyn til dei prioriteringane som er gjort i tidlegare planarbeid. Ein strammare økonomi gjer at driftsnivået må regulerast ned. Reduksjon i tenestetilbodet vert foreslått ut frå dei forslaga som kom fram i sak FS-094/14.

2. Rammevilkår



Folketal

Folketalet er viktig for kommunen på ulike måtar. Når det gjeld kommunen sin økonomi er det knytt til statleg tilskot per innbyggjar, alderssamansetting, flyktningar, landbruk og avstand til større sentra.

Statistisk sentralbyrå lagar prognoser for folketalsutvikling. Eit berekning utifrå ei middels nasjonal folketalsutvikling gjev følgjande tal for Norddal kommune:

	2014	2015	2016	2017	2018	Endring
0 år	14	15	14	14	13	-7 %
1-5 år	92	92	81	81	77	-16 %
6-12 år	149	142	150	142	140	-6 %
13-15 år	86	78	74	61	60	-30 %
16-19 år	91	96	97	105	106	16 %
20-44 år	404	389	384	383	363	-10 %
45-66 år	517	516	516	504	500	-3 %
67-79 år	203	217	218	227	230	13 %
80-89 år	88	86	83	78	83	-6 %
90 år eller eldre	41	40	36	32	28	-32 %
	1685	1671	1653	1627	1600	-5 %

Det er elevar i ungdomsskulen og eldre personar som har størst nedgang i planperioden. Budsjetta for tenestene til disse brukarane må derfor regulerast ned.



Inntekter

Frie inntekter er rammetilskot, skatteinntekter (frå private og naturressurskatt), eigedomskatt, inntekter frå konsesjonskraft og andre ikkje øymerka statlege tilskot.

Konsesjonsavgifter frå Tafjord Kraftproduksjon AS og Rauma Energi AS går inn i det kommunale næringsfondet og kan berre disponerast etter nærare fastsette retningslinjer. Desse er difor ikkje rekna inn under frie inntekter.

Skatt og rammetilskot

KS si prognose med anslag på skatt og rammetilskott er på 111,7 millionar for 2015 og 111,9 millionar for resten av planperioden. Rammetilskotet har ein reell reduksjon på grunn av endringar i finansieringa av helseføretaka. I 2014 var det budsjettert med 2,6 millionar i medfinansiering. Desse kostnadene fell vekk frå 2015.

1524 NORDDAL						
(år 2015-prisnivå i perioden 2015-2018)	PROGNOSE					
1000 kr	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Sum rammetilsk utan innteksutj	66 855	69 806	68 683	68 916	68 916	68 917
Netto innteksutjamning	-746	-438	-284	-284	-284	-284
Sum rammetilskott	66 109	69 368	68 399	68 632	68 632	68 633
Rammetilskott - endring i %	-0,50	4,93	-1,40	0,34	0,00	0,00
Skatt på formue og inntekt	43 840	42 440	43 303	43 303	43 303	43 303
Skatteinntekter - endring i %	5,10	-3,19	2,03	0,00	0,00	0,00
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	109 949	111 800	111 700	111 900	111 900	111 900

Norrdal har hatt ein jamnare skatteinngang enn det som er landsgjennomsnittet. For 2014 vart det budsjettert med høgare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Så langt i år ser det ut til å halde. I budsjettforslaget er det gjort ei tilsvarande anslag auking i skatteinngangen i 2015, 2 % i høve KS sin modell. Når vi aukar skatteinntektene vert rammetilskotet mindre. KS har ein modell for berekningar, og resultatet av å auke skatteinntektene frå 43,3 til 44,7 millionar vert ei netto auke i frie inntekter på 0,6 millionar.

Naturressursskatten er ein del av våre skatteinntekter og er om lag 10 millionar. Skatteloven § 18-2 fastset at eigar av kraftverk skal betale naturressursskatten med 1,1 øre per kilowattime.

Tabell over skatteinntekter i vårt budsjett:

1524 NORDDAL						
(år 2015-prisnivå i perioden 2015-2018)	PROGNOSE					
1000 kr	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggartilskott (likt beløp per innb)	38 126	39 152	37 965	38 084	38 084	38 085
Utgiftsutjamning	22 660	25 058	25 030	25 067	25 067	25 067
Overgangsordningar (INGAR frå 2009)	644	-105	-107	0	0	0
Saker særskilt ford (fysioterapi/kvalifiseringsprog)	0	254	290	290	290	290
Småkommunetilskott	5 161	5 316	5 475	5 475	5 475	5 475
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif. arb. avg.	120	120	30	0	0	0
Kompensasjon Samhandlingsreforma RNB2012-2014	127	131	0			
	17	0	0			
Sum rammetilsk utan innteksutj	66 855	69 926	68 683	68 916	68 916	68 917
Netto innteksutjamning	-746	-214	-1 133	-1 133	-1 133	-1 133
Sum rammetilskott	66 109	69 712	67 550	67 783	67 783	67 784
Skatt på formue og inntekt	43 840	43 740	44 717	43 303	43 303	43 303
Sum skatt og rammetilskott	109 949	113 452	112 267	111 086	111 086	111 087
Andre skatteinntekter (eigedomsskatt)	21 880	21 800	21 800	21 800	21 800	21 800

Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen	950	300				
Konsesjonskraft	7 294	8 000	7 000	7 000	7 000	7 000
Sum frie inntekter	140 073	143 552	141 067	139 886	139 886	139 887

Eigedomskatt

Norrdal kommune har i mange år skrive ut eigedomskatt på verk og bruk og dette vert også føreslått for perioden 2015-18, med same beløp som i regulert budsjett for 2014. Dei største objekta som er skattelagt er anlegga til Tafjord Kraftproduksjon AS.

Konsesjonskraft

Konsesjonane frå Tafjord Kraft si utbygging i Tafjord gjev Norrdal kommune høve til å ta ut konsesjonskraft, totalt 59,9 GWh. Kommunen kan ikkje nytte meir enn det ålmenne forbruket i kommunen. Møre og Romsdal fylke overtar og disponere det resterande. Etter eigen avtale med fylket har vi fått disponert ein del av deira volum, slik at i 2014 kunne vi ta ut om lag 41 GWh. Avtalen med fylket er reforhandla for 2015. Norrdal kommune sel konsesjonskrafta vidare på årskontrakt i den opne markanden.

Prisen som må betalast til Tafjord Kraft AS vert fastsett av Olje- og Energidepartementet, og saman med kostnader for å ta ut krafta utgjer dette om lag 12 øre per KWh. Marknadspriisen på kraft var 28,6 øre/kWh i september. Med dette utgangspunktet går inntektene ned til om lag kr 7.000.000.

3. Finans

a) Utbytte og renteinntekter

(1000 kroner)	Rekneskap	Budsjett				
	2013	2014	2015	2016	2017	2017
Utbytte Tafjord Kraft	3 740	3 400	1 500	1 500	1 500	1 500
Rente ansvarleg lån Tafjord Kraft	397	530	500	500	500	500
Avkastning Elverk-fond	2 258	2 000	1 900	1 900	1 900	1 900
Gevinst fond, urealisert	314	200	200	200	200	200
Renter bankinnskott	215	200	200	200	200	200
Andre renteinntekter, startlån	51		50	50	50	50
Sum renteinntekter og utbytte	6 975	6 330	4 350	4 350	4 350	4 350

Det er forventa vesentleg nedgang i utbyttet frå Tafjord Kraft AS. I Ålesund kommune har rådmannen lagt fram budsjettforslag med ein reduksjon på nærare 60 %, frå 48 millionar til 20 millionar. I vårt budsjettforslag er det lagt opp til tilsvarande reduksjon.

Det er forventa ein reduksjon i avkastning på Elverkfondet, både på grunn av at ein brukar av fondet, og at det har vore ein svak nedgang i avkastninga dei to siste månadene. Budsjettert avkastning er optimistisk.

Kommunestyret vedtok å auke utbytte frå Tafjord Kraft AS med kr 400.000 frå og med budsjettåret 2016.

b) Renteutgifter og avdrag

I 2014 har renta variert noko, men etter sommaren har det vore nedgang. Kommunalbanken har eit forslag om budsjettrente for planperioden på 2,2 % for 2015 og 2016, 2,7 % for 2017 og 3 % for 2018. I budsjettet for 2015 er det brukt ei rente på 2,5 % på dei låna som ikkje har fastrenteavtale. Renteutgiftene er berekna ut frå nye låneopptak på 5 millionar kvart år i planperioden.

Renteutgiftene vart vedtatt redusert med kr 300.000 i høve rådmannen sitt forslag for 2015, og kr 400.000 i 2016.

Kalkulatorisk rente sjølvkost er berekna rente for investeringar innan renovasjon, vatn, avløp, slam, feiing og fjernvarme. Denne renta vert belasta dei ulike sjølvkostområde og motpost vert inntekt på budsjettskjema 1A. Kalkulatorisk rente går inn i grunnlaget ved fastsetting av årlege gebyr.

c) Avsettingar – bruk av fond

Avskrivning i kommunerekneskapet vert ikkje belasta drift, men vert ført på dei ulike tenestene i KOSTRA. Unntaka er sjølvkostområda, vatn, avløp, slam, renovasjon, feiing og fjernvarme. Her vert dei einskilde områda belasta for avskrivning og rekna inn i grunnlaget for fakturering. Motpost for desse avskrivningane vert ført som inntekt i budsjettet.

Rådmannen sitt forslag var å avsette kr 1,9 millionar til ubunde driftsfond. Det svarar til budsjettet avkastning på Elverkfondet. Vedteke avsetning vart kr 750.000 for 2015.

Bruk av ubundne avsettingar er i høv KS-sak 097/13, der det vart gjort vedtak om å løyve kr 250.000 til Kraft- og skredsenteret i Tafjord med finansiering frå elverkfondet.

Pensjonspremieavvik

Pensjonspremieavviket har ei inntektsside og ei utgiftsside. Inntektene er differansen mellom betalt premie og berekna kostnad. Prognose på avviket får vi frå KLP og SPK. Utgiftssida er amortisering av tidlegare års premieavvik.

4. Drift

Rådmannen har over tid arbeidet med å finne løysingar for å redusere driftsnivået. Det har vore ein prosess med utgreiingar og forslag til tiltak. Dei tiltaka som vart foreslått i FS-sak 094/14 er i stor grad teke med i verksemdsleiarane sin budsjett.

Lønns- og prisvekst

Prisveksten for kommunale varer og tenester (deflator) er fastsett til 3 % i Statsbudsjettet. Rådmannen sitt signal til verksemdsleiarane er at dei ikkje vil få tillegg tilsvarende deflator. Kostnadsauken må takast inn som ein effektiviseringsgevinst.

Pensjon

For 2015 er det budsjettere med følgjande pensjonskostnad:
Fellesordninga og sjukepleiarar: 20 %. Det er ei auking med 2 % i høve 2014.
Lærarar 12 %

Til fordeling drift

Politisk styring, sentraladministrasjon og felleskostnader

Politisk leing og kontroll

Det skal vere val i 2015, og ekstra kostnader er berekna til kr 157.000. Budsjettet for politisk leing tar utgangspunkt i Reglement for godtgjering til folkevalde. Godtgjerslene vert rekna ut frå grunnbeløpet i folketrygda, og det aukar kvart år.

Det er ikkje noko effektiviseringspotensiale i dette budsjettområdet. Vedteke reduksjon i talet på medlemmer i kommunestyret vil ikkje redusere kostnadene i 2015.

Det vart vedteke å redusere ramma med kr 100.000.

Revisjon

Det var ikkje kome budsjettforslag frå kommunerevisjonen før saksframlegget.

Budsjettposten er i høve kostnadene for 2014.

Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjonen har to innsparingstiltak på inngåtte avtalar, nasjonal tenestekatalog og breiband. Oppseiing av nasjonal tenestekatalog er gjennomført, men reforhandling av breibandsavtalen har vi ikkje lukkast med enno.

Det er vedteke å redusere sentraladministrasjonen med 1 årsverk.

Fellestenester

Servicekontoret har fått tillagt nye oppgåver i 2014 på grunn av vakanse i andre verksemdar. For å utføre alle oppgåvene er det naudsynt å budsjettere med både litt overtid og vikarar. For 2015 er det ikkje mogleg å ta inn nokon effektiviseringsgevinst.

Reservert lønsoppgjer

Verksemdene har ikkje tatt med dei lønskostnadene som vil kome på grunn av dei lokale forhandlingane. For at verksemdene skal få godskrive dette, er det tatt med i den overordna budsjettposten.

Reservert består av:

Lokale forhandlingar 2014	kr 700.000
Auking leiarløner	kr 300.000
Sentralt oppgjer 2015	kr 900.000
Usikkert estimat på tillegg for lønsgliding	kr 200.000

Politisk styring, administrasjon og felleskostnader	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Forslag frå verksemdsleiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparingskrav
Politisk leing og kontroll	2 004 411	1 571 200	1 857 000	1 757 000	100 000
Revisjon	623 222	575 000	654 000	654 000	0
Sentraladministrasjon	9 732 299	9 815 400	9 796 000	9 575 000	221 000
Fellestenester	2 457 961	2 563 100	2 617 000	2 617 000	0
Reservert lønsoppgjer	0	0	2 100 000	2 100 000	0
Sum	14 817 893	14 524 700	17 024 000	16 703 000	321 000

Skule og barnehage

Skule og barnehage har to krav til reduksjon i budsjettet i 2015. Det er felles verksemdsleiar for skule og barnehage i Valldal, og reduksjon i ressursbehovet på ungdomssteget i Eidsdal.

Fellesansvar skule/barnehage

Rådmannen har flytta kr 400.000 frå Valldal skule til Fellesansvar skule/barnehage, på grunn av omfordeling av kostnader frå 2015. Det er i tillegg gjort omfordeling mellom kultur og fellesansvar skule/barnehage. Verksemdsleiar ønskjer at Norrdal kommune slutter seg til PPT sitt forslag om å tilsette logoped i 50 % stilling. Kommunen har hittil kjøpt tenester frå privatpraktiserande logoped. Den nye ordninga gir økte kostnader, som verksemdsleiar kan dekke desse frå sparte kostnader i kulturadministrasjonen.

Det vart vedteke at kommunen skal fortsette å kjøpe logopedtenester.

Syltebøen barnehage

Det vert stor nedgang i foreldrebetalingane frå hausten 2015. Det er 18 barn som går ut og 9 nye som kjem inn. Dei 9 nye tek 18 plassar, men foreldrebetalinga blir berre for 9. Med knappe personalressursar er det ikkje muleg å ta ut effektiviseringsgevinstar for å dekke mindre inntekter og lønsauke.

Verksemdsleiar foreslår å ta noko innsparing gjennom å stenge barnehagen ei ekstra veke på sommaren.

Skule og barnehage	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemdsleiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparingskrav
Fellesansvar skule/barnehage	2 379 503	3 349 000	3 816 000	3 716 000	100 000
Valldal skule	17 119 479	17 239 100	16 881 000	16 831 000	50 000
Eidsdal skule	8 616 376	8 727 300	8 213 000	8 213 000	0
Dalsbygda barnehage	1 760 745	2 217 200	1 972 000	1 972 000	0
Syltebøen barnehage	5 929 282	6 475 000	6 256 000	6 256 000	0
Sum	35 805 385	38 007 600	37 138 000	36 988 000	150 000

Kultur

Kulturskulen og Kultur- og ungdomsarbeid

Rådmannen vil redusere tenestenivået med 0,8 årsverk i kulturskulen og 0,5 årsverk i kultur- og ungdomsarbeid frå 2. halvår 2015.

På grunn av vakanse i kulturadministrasjonen, er det gjort ei omfordeling mellom kulturskulen og kultur- og ungdomsarbeid i 2015.

Kulturtilskott

Løyvd tilskott på kr 490.000 til Idavollen Stadion (sak KS 005/14) går ut over det som har vore budsjettert som tilskott tidlegare år. Tilsegnet til Idavollen Stadion gjeld for 2015 og 2016.

Bibliotek

Biblioteket har krav om å redusere med 0,36 årsverk frå 2017. Det vart vedteke at reduksjon i årsverk ikkje skal gjerast ved å legge ned biblioteket i Eidsdal.

Kultur	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemds-leiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparingskrav
Kulturskulen	1 505 132	1 547 000	1 350 000	1 250 000	100 000
Kultur- og ungdomsarbeid	1 131 026	1 214 800	908 000	908 000	0
Kulturtilskott	496 268	407 000	747 000	747 000	0
Frivilligsentralen	196 040	239 100	225 000	225 000	0
Bibliotek	1 147 642	1 129 100	1 114 000	1 114 000	0
Sum	4 476 108	4 537 000	4 344 000	4 244 000	100 000

Kyrkje og andre livssynsorganisasjonar

Tilskott til kyrkjelege formål

Storfjorden kyrkjelege fellesråd har presisert at tilskott til kyrkja og tilskott til andre livssynsorganisasjonar skal vedtakast separat. Dei er delt i to områder for planperioden. Storfjorden kyrkjelege fellesråd har søkt om auke i tilskottet på kr 70.000 for å dekke pris- og lønsauke og kr 85.000 til større innkjøp. Investeringsbehovet er reiskapshus Sylte og rullestolrampe og høgtalarar Norddal.

Rådmannen har ikkje innstilt på å auke tilskottet til kyrkja.

Tilskott til livssynsorganisasjonar

Tilskottet skal samsvare med tilskott per medlem i kyrkja. Kommunen får oppgåve over talet på medlemmer i andre livssynsorganisasjonar frå Brønnøysundregistra.

	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemds-leiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparingskrav
Tilskott til kyrkjelege formål	2 038 090	1 660 000	1 785 000	1 630 000	155 000
Tilskott til livssynsorg.		60 000	60 000	60 000	0
Sum	2 038 090	1 720 000	1 845 000	1 690 000	155 000

Helse, barnevern, sosiale tenester og flyktingeteneste

Helse

Det er budsjettert med reduksjon av 0,6 årsverk, som var kravet i omstillingsplanen. Avdelinga kjem likevel over ramma. Løn til legevakt (inklusive pensjon og arbeidsgj.avg.) er auka med kr 270.000 i høve førre år. Det er budsjettert med kr 100.000 i kjøp av tenester frå andre kommunar. Det er kommunens del av kostnadene for pasientar som har fastlege i andre kommunar. Inntektene er budsjettert ned med kr 300.000; kr 200.000 på pasientbetalingar og kr 100.000 på refusjon frå trygdeforvaltninga.

Det vart vedteke å ikkje ta inn vikar på helseavdelinga, innsparing kr 300.000, og å redusere på årsverk på legane. Innsparing på legar, kr 600.000, føreset tilfredstillande vaktordning.

Barnevern

Vi fekk ikkje budsjettforslag for barnevern frå Skodje kommune før vår budsjetthandsaming. Regulert budsjett for 2014 er lagt til grunn. Avtalen med Skodje kommune vil bli reforhandla.

NAV

Kommunen sitt bidrag til sosiale tenester i NAV er vedteke redusert med 0,5 årsverk. Avtalen med NAV vil bli reforhandla.


Flyktningeteneste

Det er ikkje noko kvalifisert estimat på inntekter og kostnader med flyktningeteneste. Planen er å starte opp hausten 2015, og det vil vere naudsynt å be om budsjettregulering når vi har fått meir kunnskap om tenesta.

	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemds-leiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparings-krav
Helse	9 732 842	10 400 200	7 929 000	7 029 000	900 000
Barnevern	944 923	1 121 000	1 121 000	1 121 000	0
Sosial NAV	1 367 019	1 082 500	1 254 000	1 118 000	136 000
Flyktningeteneste				0	0
	12 044 784	12 603 700	10 304 000	9 268 000	1 036 000

Plei og omsorg

Pleie og omsorg får stor reduksjon i ramme/årsverk i planperioden. Ut frå KOSTRA ligg Norrdal kommune sine driftskostnader til pleie og omsorg vesentleg over dei andre kommunane kring oss, og det er eit stort potensiale til å ta ned driftsnivået. Sjølv med den reduksjonen som er foreslått, vil vi ha høgare driftsutgifter per innbyggjar enn det dei andre kommunane har.



Stranda kommune har dei lågaste kostnadene av våre nabokommunar, men dei er ikkje under landsgjennomsnittet. Dersom vi bruker netto driftsutgifter per innbyggjar i Stranda som eit eksempel på kva innsparing det er mogleg å ta, får vi dette reknestykket:

Norrdal kommune, netto driftsutgift per innbyggjar kr 26.716
 Stranda kommune, netto driftsutgift per innbyggjar kr 15.317
 Mindre per innbyggjar i Stranda kr 11.399

Når vi reknar 1700 innbyggjarar i Norrdal, vil meirforbruk for vår kommune vere kr 19,3 millionar (kr 11.399 * 1700). Om vi samanliknar oss med Ørskog som har ei netto driftsutgift på kr 21.407 per innbyggjar, får vi at vi kan redusere netto driftsutgifter på pleie og omsorg med om lag 9 millionar. Rådmann har foreslått tiltak som kan redusere utgiftene med 5,3 millionar. Sjølv med denne reduksjonen vil Norrdal kommune ha dei høgaste driftsutgiftene per innbyggjar i pleie og omsorg.

I møte med dei tilsette, har rådmannen fått tilbakemelding på at det er svært krevjande å vere på arbeid på sjukeheimen. Det er høgt sjukefråvær og lite bemanning i periodar av døgnet. Dei kan ikkje sjå at det er mogleg å redusere bemanninga.

For å redusere årsverk på sjukeheimen, skal ressursane ikkje verte mindre per brukar, men talet på plassar/brukarar må tilpassast behova. Talet på sjukeheimplassar må reduserast, med ei omlegging av tilbodet. Når vi samanliknar oss med andre kommunar, har vi ein prosentvis høgare dekning i høve folketal.

Kommune	Sjukeheimplassar
Norrdal	32
Stranda	43
Ørskog	24

Ørskog har 24 plassar og planlegg å kome ned på 17.

Av dei 32 plassane på sjukeheimen er det 6 korttidsplassar slik at talet på faste brukarar er 26, derav 6 for demens. Rådmannen vil kome med eiga sak om reduksjon i plassane på sjukeheimen.

I tillegg til å redusere sjukeheimplassar har rådmannen forslag til innsparing ved å redusere årsverk på nattevakter og redusere årsverk på døgnbemanna omsorgsbustader.

	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemdsleiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparingskrav
Pleie og omsorg	42 637 813	45 555 600	44 762 000	41 976 000	2 786 000

Teknisk

Teknisk avdeling skal gjennomføre tre ulike innsparingstiltak i 2015, men har auka budsjettet til vedlikehald av vegar. Budsjettet for 2014 var så lite at det mellom anna ikkje var muleg å gjennomføre grøftrens og andre naudsynte oppgåver. Manglande vedlikehald over år kan gi meirkostnader seinare år.

På grunn av at ÅRIM skal overta drift av miljøstasjonen, vil det bli ledig kapasitet på teknisk drift. Det vert arbeidd med ein avtale med ÅRIM.

Teknisk drift sjølvkost

Sjølvkostområda skal i utgangspunktet balansere. På renovasjon er det eit negativt fond som må dekkast inn. Ut frå berekningane skal området ta inn kr 400.000 meir enn det som trengs for å dekke årets kostnader. På den andre sida har vi kostnadene med fjernvarmeprosjektet som gir ein netto kostnad på kr 450.000.

Brann- og oljevern

Det vert ei vesentleg auke på kostnadane i høve budsjettet for 2014. Auken har fleire årsakar:

Auke i mannskapsgodtgjersle, forhandla fram våren 2014	kr 140.000
Vaktordning Norrdal og Stordal	kr 280.000
Lisens naudnett halvt år	kr 105.000
Interkommunale avtalar	kr 100.000

Teknisk	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemds-leiar	Vedteke budsjett 2015	Innsparings-krav
Teknisk drift	5 751 028	4 277 000	4 920 000	4 520 000	400 000
Teknisk drift - sjølvkostområde	122 185	-168 000	50 000	50 000	0
Plan-bygg-oppmåling	2 037 952	1 874 900	1 214 000	1 214 000	0
Brann- og oljevern	2 107 379	2 124 900	3 061 000	2 947 000	114 000
	10 018 544	8 108 800	9 245 000	8 731 000	514 000

Næring

Rådmannen hadde foreslått reduksjon med 0,5 årsverk på naturforvaltar, redusert husleige og redusert kostnad på vilttenester i 2015. I budsjettforslaget er det lagt inn reduksjon med naturforvaltar frå 1. juli og flytting til rådhuset frå 1. januar. Innsparing på vilttenester er ikkje tatt med i 2015 på grunn av at det er inngått avtale som gjeld for 2014 og 2015.

Tilskot til Landbruk Nordvest er ikkje teke med på driftsbudsjettet.

Døropnarprosjektet går fram til 1. juli, og kostnaden på dette er redusert med kr 100.000 i budsjettet. Avtalen med Destinasjon Geiranger Trollstigen gjeld til 01.01.2015. Den er på kr 900.000. Avtalen har ei oppseiingstid på 6 månader og den er ikkje sagt opp. Begge avtalane har vore dekkja av næringsfondet, og gjer ikkje reduserte kostnader til drifta.

Det vart vedteke at stillinga som naturforvaltar vert oppretthalde, og at skogbruksavtalen med Stranda vert sagt opp.

	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Verksemds-leiar	Vedteke budsjett 2015
Næring	2 638 590	803 600	495 000	545 000

Vedteken ramme er fordelt slik:

Næringsutvikling	850 000
Veterinærteneste	270 000
Skredsenter Tafjord	250 000
Fjernvarmeanlegg	-825 000
	545 000

Næringsfondet er disponert til	
--------------------------------	--

Næringsutvikling	600 000
Avtale med DGT	900 000
Avtale om førstelinjeteneste Fjordhagen	300 000
Døropnarprosjektet	100 000
Tilskott til næringslivet	800 000
	2 700 000

Tilskott til næringslivet som er vedteke av kommunestyret

LUK arbeidsinnvandring	78 000
Landbruk Nordvest	100 000
	178 000

Husleige Norrdal Eigedomsselskap

Dagleg leiar har sett opp budsjettforslag på kr 20.050.000, med ein generell budsjettpost på vedlikehald på kr 1,5 millionar.

Noko av husleiga vert teke inn i andre budsjettområde for å få fram sjølvkost, slik at netto på området vert 18,7 millionar.

Husleige Norrdal Eigedomsselskap KF	18 712 000
Frivilligsentralen	88 000
Avløp	80 000
Vassverk	80 000
Slam	40 000
Vedteke husleige for 2015	19 000 000

Skredvarsling/beredskap

NVE skal overta kostnadene med drift av Åknes - Tafjord IKS. Budsjettposten på kr 200.000 skal dekke kommunen sine kostnader med beredskap for folkevarsling.

5. Investeringar

Verksemdsleiarane er oppmoda til å kome med investeringsbehova, både for inventar, anlegg og bygningar. Det har ikkje kome konkrete innspel om bygningsmessige investeringar.

Verksemdsleiarane har kome med ønskje om investeringar, kr 10,4 millionar i 2015:

	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Prosjekt				
120409 Oppgradering Websak	120 000	120 000		
Vismamodular, organisasjonsstruktur i 2015	300 000	300 000	300 000	300 000
Forprosjekt/skisse ombygging omsorgsbustader	200 000			
420108 Rekkverk bruer	200 000			
Veganlegg	1 000 000	2 500 000	2 500 000	
Asfaltering	1 000 000	1 000 000	1 000 000	

420506	Distribusjon fjernvarme	500 000	250 000	250 000	
440301	Hovudvassplan-Valldal Vassverk	3 500 000	2 500 000		
440312	Vassverk utbygging	200 000	200 000	200 000	
460101	Adresseprosjekt skilting	500 000			
461101	Muribugen	1 250 000			
	Avløpsplan		100 000		
	Deponiplass reint materiale	100 000			
	Kaldtlager Djupøyna		500 000		
	Gravemaskin	1 200 000			
	Tankbil Valldal			300 000	
	Utskifting av traktor			800 000	
510006	Regulering Omenås bustadfelt		2 000 000	2 000 000	
	Lagerbygg Sylte	300 000			
	Brannsikring		900 000	900 000	
	Traktor kyrkjegard		200 000		
		10 370 000	10 570 000	8 250 000	300 000

Rådmannen vil rå til at investeringane vert haldne så låg som mulege no når vi står føre ei stor satsing, og vil prioritere følgjande prosjekt:

	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Oppgradering Websak	120 000	120 000		
Vismamodular, organisasjonsstruktur i 2015	300 000	300 000	300 000	300 000
Forprosjekt/skisse ombygging omsorgsbustader	200 000			
Distribusjon fjernvarme	500 000			
Rekkverk bruer	200 000			
Regulering Omenås bustadfelt		2 000 000	2 000 000	
Adresseprosjekt skilting	500 000			
	1 820 000	2 420 000	2 300 000	300 000

Å investere i nye og forbetra elektroniske verktøy gjer at manuelle arbeidsoppgåver vert mindre, og kan gi innsparing på ressursbruken. Å spare tid ved å fornekle må prioriterast i ei tid med knappe ressursar.

Rådmannen vil foreslå at vi starter med å planlegge ombygging av omsorgsbustadane i 2015. Behovet for ombygging av bustadane er skissert i strategidokumentet for pleie og omsorg. Forprosjektet vil verte utført i regi av kommunen.

Investering i kundesentral for fjernvarme vil kome som følge av bygging av nytt hotell.

Rekkverk bruer er naudsynt for å sikre tryggleig for skulebarn. Teknisk avdeling vil prioritere Raudebrua ved Myklebust først. Dersom det vert tilstrekkelig med midlar vil dei utbetre Grønningsbrua.

Adresseprosjekt skilting er i gang, men løyvinga for 2014 vart omprioritert på grunn av at arbeidet var forsinka. Ny løyving må takast med i 2015.

Kommunen har eit mål om å prioriter bulyst. Å investere i attraktive byggefelt kan vere eit tiltak for å oppfylle målet. Investeringane er foreslått i 2016 og 2017.

Det er mange løyvingar frå tidlegare år som ikkje er brukt opp på grunn av at prosjekta ikkje har hatt den framdrift som var planlagt. Mellom anna står det att om lag 3 millionar på hovudvassplan – Valldal vassverk. Investeringsplanar på sjølvkostområdet vert teke med i berekningar av betalingssatsane. Rådmannen meiner at vi må gjennomføre dei prosjekta som vi har finansiering på, før det vert tatt opp nye lån.

I tillegg til rådmannen sitt forslag om investeringar vart det vedteke å investere i opprusting av veg på Grønning, kr 300.000, og tettstadutvikling kr 500.000. Desse investeringane skal finansierast ved bruk av ubunde investeringsfond.

Innlån for vidare utlån

Det er ikkje lagt inn innlån frå Husbanken for vidare utlån som Startlån i 2015. Det står framleis om lag kr 1 mill ubrukt til dette formålet. Etterspurnaden er forholdsvis liten.

Kjøp av andelar

Budsjettert kjøp av aksjar og andelar er pliktig eigenkapitalinnskot i KLP.

Eigenkapitalinnskotet er heimla i vedtektene til KLP, § 2-3. Vi kan ikkje låne for å finansiere dette innskotet, og finansieringa vert å bruke av frie investeringsfond.

6. Norrdal Eigedomsselskap KF

Innstilling frå styret i Norrdal Eigedomsselskap KF 19.11.2014:

1. Norrdal kommunestyre vedtek budsjett for drift og investering for Norrdal Eigedomsselskap KF for 2015 og økonomiplan for 2016 – 2018 slik det her er framstilt med like inntekter og utgifter i 2015 på kr 22.997.000. Husleige til Norrdal kommune utgjer då kr 19.700.000.
2. «Husleige til Norrdal kommune utgjer då kr 19.700.000.» Eventuell vidare reduksjon av husleige vil medføre ein kombinasjon av fylgjande tiltak:
 - Vidare sal av eigedom
 - Reduksjon av tenestenivå ift vedlikehald og reinhald
 - Effektivisering av arealbruk
3. Til investering av idrettshall, kultursal og symjebasseng vert det lagt ei ramme på 73,5 millionar kroner. Norrdal eigedomsselskap KF ser at ramma kan reduserast dersom ein får fullmakt til å endre innhaldet med sikte på å redusere kostnadene i prosjektet.

7. Vedlegg

Budsjettvedtak

FS-127/14 Vedtak i Formannskapet 03.11.2014:

1. Formannskapet fastset ramme til fordeling i drift til kr 137.607.000 i 2015. Da er det sett av kr 1,0 millionar til disposisjonsfond.
2. Formannskapet ber rådmannen om å arbeide vidare med sine forslag til innsparingar på driftsbudsjettet for 2015 og konkretisere og tydeliggjere konsekvensane av forslaga.
3. Formannskapet ber rådmannen om vidare arbeid med følgjande reguleringar i budsjettet for å kome i balanse:
 - a. Rådmannen legg fram eiga sak for kommunestyret vedkomande talet på folkevalde, seinast 11/12- 14.
 - b. Ein ser over fleire år at det har vore vanskeleg å ta ned driftsutgiftene innan PLO. For å tilpasse driftsutgiftene med tildelt ramme ber ein rådmannen sjå nærare på inntakskriteriar ved å opprette tildelingskontor. Ein må sjå på bemanninga innan open omsorg på begge sider av fjorden. Når ein framskriv aldersamansetninga av befolkninga skal ein ha behov for færre sjukeheimplassar innan få år. Dette må ein ha fokus på med tanke på å drifte færre rom og redusere antall tilsette.
 - c. Om ny ordning for legevakt blir vedtatt må ein vurdere antall legestillingar i Norrdal kommune.
 - d. Norrdal kommune seier opp samarbeidsavtalen vedk. skogbrukssjef. Nødvendige oppgåver vert overført til næringsjef og/eller kjøp av tenester.
 - e. Meir detaljert budsjett/personaloversikt for teknisk sektor bør leggast fram til neste møte i formannskapet.
4. Formannskapet fastset ei ramme på 2 millionar kroner for investeringar i 2015. Investeringar til sjølvkostområdet kjem i tillegg.

KS-100/14 Vedtak i Kommunestyret 11.12.2014:

1. Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018 vert vedteke i samsvar med vedlagte framlegg med desse endringane:
 - a) Norrdal kommune vil ikkje opprette 50 % stilling som logoped, men fortsatt kjøpe tenester frå privatpraktiserande logoped. Innsparing kr. 50.000,-.
 - b) Reduksjon innafor bibliotekområdet skal ikkje gjerast ved å leggje ned biblioteket i Eidsdal.
 - c) Kr. 300.000 til spleiselag med Statens vegvesen for kommunal veg på Grønning.
 - d) Naturforvaltar i halv stilling vert vidareført som no. Innspart kostnad ved oppseiing av skogbrukssjef.
 - e) Medlemskap i Landssamanslutninga for nynorskkommunar vert å behalde.

- f) Husleige til Norrdal Eigedomsselskap KF vert auka med kr. 750.000.

Inndekking:

2015:

Reduksjon politikargodtgjersle	kr. 100.000
Reduksjon rentekostnader	kr. 300.000
Reduksjon i avsetjing til disp.fond	kr. 250.000
Reduksjon på teknisk sektor	<u>kr. 100.000</u>
	kr. 750.000

2016:

Sentraladministrasjonen (hovedkap. 1.1) si ramme vert redusert med kr. 800.000,- frå og med budsjettåret 2016.

Teknisk sektor si ramme vert redusert med kr. 700.000,- frå og med budsjettåret 2016.

Utbytte frå Tafjord Kraft AS vert auka med kr. 400.000 frå og med budsjettåret 2016.

Redusert rentekostnad i 2016 på kr. 400.000.

2. Skatteøret 2015 vert fastsett til høgste lovlege sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak.
3. Eigedomsskatt
 - a. Norrdal kommune skriv ut eigedomsskatt i 2015 i samsvar med Eigedomsskattelova § 2 og 3
 - b. Eigedomsskaten omfattar verk og bruk i heile kommunen
 - c. Eigedomsskatt vert fastsett til 7 0/00 av takst
 - d. Eigedomsskatt skal betalast i 2 terminar
 - e. Ved utskrivning vert tidlegare vedtekne vedtekter nytta
4. Ordførar si godtgjering i 2015 vert fastsett til 8,25 G, for tida kr 729.000.
5. Investeringane vert vedteke i samsvar med budsjettskjema 2B – vedlegg til Budsjett 2015 – økonomiplan 2015 – 2018 med desse endringane:

Norrdal kommune ser det som svært viktig å vidareutvikle og gjere kommunesenteret meir attraktivt. Med bakgrunn i tettstadsanalysen som er gjennomført ber ein administrasjonen sende inn søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune om eit forprosjekt/prosjektmidlar snarast råd. Som ein del av forprosjektet er det aktuelt å engasjerere prosjektleiar i om lag 25 % stilling i 2015. Ein tek sikte på at den praktiske gjennomføringa av trinn 1 av tettstadsprosjektet vert påbegynt i 2015 og vert ferdigstilt i 1. halvår 2016.

Investeringsbeløp 2015: kr 500.000,-

” 2016: kr 500.000,-

Finansiert frå ubunde investeringsfond.

6. Rammer for drift og investering i Norrdal Eigedomsselskap KF
 - a. Drift kr 19.000.000.
 - b. Investering kr 65.000.000.
7. For å finansiere investeringane i 2015 tek Norrdal kommune opp lån på til saman kr 54.500.000. Låneramma fordeler seg slik:

- a. Norddal kommune kr 1.500.000 til investering, nedbetaling over 20 år
 - b. Norddal Eigedomsselskap KF kr 53.000.000, nedbetaling over 40 år
 - c. Investering på kr 300.000 for veg på Grønning vert dekt av investerings-fond
8. Midlane til fiberutbygging frå regulert budsjett 2014 vert overført til 2015.
 9. Norddal kommune vil framleis støtte opp under Landbruk Nordvest. Kommunen løyver kr. 100.000,- frå næringsfondet til dette føremålet for 2015.
 10. Norddal Eigedomsselskap KF skal i samråd med administrasjonen auke eksterne inntekter ved omdisponering av eige areal.
 11. Norddal Eigedomsselskap KF skal legge fram sak for kommunestyret med forslag til sal av kommunale eigedomar i løpet av første halvår 2015.
 12. Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 med dei endringane som følgjer av dei voteringar og vedtak som er gjort i møtet vart vedtatt med 12 mot 9 røyster.

Budsjettskjema 1A

Budsjettskjema 1A	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Skatt på inntekt og formue	-43 840 467	-43 740 000	-44 717 000	-44 717 000	-44 717 000	-44 717 000
Ordinært rammetilskott	-67 059 256	-69 312 000	-67 550 000	-67 550 000	-67 550 000	-67 550 000
Skatt på eignedom	-21 879 808	-21 800 000	-21 800 000	-21 800 000	-21 800 000	-21 800 000
Konsesjonskraft	-7 293 710	-8 000 000	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000
Andre generelle statstilskott	0					
Sum frie disponible inntekter	-140 073 241	-142 852 000	-141 067 000	-141 067 000	-141 067 000	-141 067 000

Renteinntekter og utbytte	-6 661 550	-6 630 000	-4 150 000	-4 550 000	-4 550 000	-4 550 000
Gevinst finansielle instrumenter	-313 890	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	3 604 377	3 600 000	3 200 000	3 000 000	3 100 000	3 300 000
Kalkulatoriske renter sjølvkost	-307 915	-300 000	-520 000	-520 000	-520 000	-520 000
Tap finansielle instrumenter						
Avdrag på lån	5 864 716	6 330 000	6 600 000	6 650 000	6 750 000	6 800 000
Netto finansinntekter/utgifter	2 185 738	2 800 000	4 930 000	4 380 000	4 580 000	4 830 000

Til dekning av tidligere års meirforbruk						
Til ubundne avsetningar		279 000	750 000	1 217 000	3 005 000	3 005 000
Til bundne avsetningar	6 751 496	3 000 000	2 700 000	2 700 000	2 700 000	2 700 000
Bruk av tidligere års mindreforbruk						
Bruk av ubundne avsetningar		-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Bruk av bundne avsetningar	-4 910 831	-3 000 000	-2 700 000	-2 700 000	-2 700 000	-2 700 000
Netto avsetninger	1 840 665	29 000	500 000	967 000	2 755 000	2 755 000

Mvakompensasjons investering	-2 477 234	0				
Premieavvik pensjon	-613 290	-4 310 000	-2 800 000	-2 600 000	-2 600 000	-2 600 000
Motkonto kapitalkostn. sjølvkost	-637 330	-832 000	-620 000	-620 000	-620 000	-620 000
Overført til investeringsrekneskapet	1 981 289	0	0	0	0	0

Til fordeling drift	-137 793 403	-145 165 000	-139 057 000	-138 940 000	-136 952 000	-136 702 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	141 368 494	145 165 000	139 057 000	138 940 000	136 952 000	136 702 000
Regnskapsmessig meir (-)/mindreforbruk	3 575 091	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 1B

Budsjettskjema 1B	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Politisk leing og kontroll	2 004 411	1 571 200	1 757 000	1 607 000	1 857 000	1 607 000
Revisjon	623 222	575 000	654 000	654 000	654 000	654 000
Sentraladministrasjon	9 732 299	9 815 400	9 575 000	8 775 000	8 775 000	8 775 000
Fellestener	2 457 961	2 563 100	2 617 000	2 617 000	2 617 000	2 617 000
Reservert lønsoppgjer	0	0	2 100 000	2 100 000	2 100 000	2 100 000
Fellesansvar skule/barnehage	2 379 503	3 349 000	3 716 000	3 316 000	3 316 000	3 316 000
Valldal skule	17 119 479	17 239 100	16 831 000	16 831 000	16 831 000	16 831 000
Eidsdal skule	8 616 376	8 727 300	8 213 000	8 113 000	6 463 000	6 463 000
Dalsbygda barnehage	1 760 745	2 217 200	1 972 000	1 972 000	1 972 000	1 972 000
Syltebøen barnehage	5 929 282	6 475 000	6 256 000	6 206 000	6 206 000	6 206 000
Kulturskulen	1 505 132	1 547 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
Kultur- og ungdomsarbeid	1 131 026	1 214 800	908 000	908 000	908 000	908 000
Kulturtilskott	496 268	407 000	747 000	747 000	407 000	407 000
Frivilligsentralen	196 040	239 100	225 000	225 000	225 000	225 000
Bibliotek	1 147 642	1 129 100	1 114 000	1 114 000	866 000	866 000
Tilskott til kyrkjelege formål	2 038 090	1 660 000	1 630 000	1 630 000	1 630 000	1 630 000
Tilskott til livssynsorg.		60 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Helse	9 732 842	10 400 200	7 029 000	7 329 000	7 329 000	7 329 000
Barnevern	944 923	1 121 000	1 121 000	821 000	821 000	821 000
Sosial NAV	1 367 019	1 082 500	1 118 000	963 000	963 000	963 000
Flyktingetjeneste			0	0	0	0
Pleie og omsorg	42 637 813	45 555 600	41 976 000	41 976 000	41 976 000	41 976 000
Teknisk drift	5 751 028	4 277 000	4 520 000	3 820 000	3 820 000	3 820 000
Teknisk drift - sjølvkostområde	122 185	-168 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Plan-bygg-oppmåling	2 037 952	1 874 900	1 214 000	1 214 000	1 214 000	1 214 000
Brann- og oljevern	2 107 379	2 124 900	2 947 000	3 057 000	3 057 000	3 057 000
Næring	2 638 590	803 600	545 000	385 000	385 000	385 000
Næringsfondet			0	0	0	0
Husleige Norrdal Eigedomsselskap KF - formålsbygg /adm.bygg	17 457 246	18 100 000	18 712 000	21 000 000	21 000 000	21 000 000
Skredvarsling/beredskap	1 274 706	1 204 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Fordelt til drift	143 209 159	145 165 000	139 057 000	138 940 000	136 952 000	136 702 000
Korrigerer bruk av fond på verksemdene	-1 840 665					
	141 368 494	145 165 000	139 057 000	138 940 000	136 952 000	136 702 000

Budsjettskjema 2A

Budsjettskjema 2A	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Investeringar i anleggsmiddel	14 021 450	18 989 488	2 620 000	2 420 000	2 300 000	300 000
Utlån og forskutteringar	0					
Kjøp av aksjar og andelar	407 597	8 150 000	450 000	475 000	500 000	525 000
Avdrag på lån	970 000					
Dekning tidl års meirforbruk						
Avsetningar	168 266					
Årets finansieringsbehov	15 567 313	27 139 488	3 070 000	2 895 000	2 800 000	825 000

Finansiert slik:

Bruk av lånemidlar	-12 354 366	-13 489 488	-1 500 000	-2 000 000	-2 000 000	-300 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-350 210	0				
Tilskott til investeringar	-1 171 609	-2 400 000				
Kompensasjon for mva		-1 400 000	-320 000	-420 000	-300 000	
Mottatte avdrag på lån og refusionar	-128 405					
Andre inntekter						
Sum ekstern finansiering	-14 004 590	-17 289 488	-1 820 000	-2 420 000	-2 300 000	-300 000

Overført frå driftsrekneskapet	-1 981 289					
Bruk av tidl års udisponert	-168 266					
Bruk av avsetningar	-69 255	-9 850 000	-1 250 000	-475 000	-500 000	-525 000
Sum finansiering	-16 223 400	-27 139 488	-3 070 000	-2 895 000	-2 800 000	-825 000

Udekket/udisponert	-656 087	0	0	0	0	0
---------------------------	-----------------	----------	----------	----------	----------	----------

Budsjettskjema 2B

Budsjettskjema 2B	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2014	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Prosjekt						
Bedre styring datasystem	102 019					
Oppgradering Trio-epost	97 775	22 725				
Oppgradering Websak	13 750	111 250	120 000	120 000		
Fiberutbygging anleggsbidrag	0	1 700 000				
Ehandelsmodul Visma		150 000				
Inventar kommunestyresal	315 146					
Vismamodular, organisasjonsstruktur i 2015			300 000	300 000	300 000	300 000
Sum Sentrale styringsorgan	528 690	1 983 975	420 000	420 000	300 000	300 000
Datautstyr grunnskulane	272 652					
Valldal skule utstyr naturfag	52 750	66 696				
Smartboard Eidsdal skule		172 000				
Inventar bibliotek		100 000				
Inventar helseavd SHS	589 717					
Sum Oppvekst - kultur	915 119	338 696	0	0	0	0
Forprosjekt/skisse ombygging omsorgsbustader			200 000			
Vaskeutstyr heimetenesta	18 894	36 689				
Elektronisk meldingsutveksling	64 865	485 135				
Senger Valldal sjukeheim	112 368					
Komfyr Valldal sjukeheim	106 372					
Visma Samhandling arkiv	105 269					
Dagsenter demens PLO		200 000				
Sum Helse-sosial-pleie-omsorg	407 768	721 824	200 000	0	0	0
Flytting FDV brannstasjon	0	300 000				
Tiltak flaum Eidsdal	521 439					
Vegkryss Ødegård	0	200 000				
Rekkverk bruer	0		200 000			
Veg på Grønning			300 000			
Gatelys LED lampar	180 722	989 278				
Murigrandane opparbeiding	755 574	338 543				
Distribusjon fjernvarme	460 130		500 000			
Muriparken	2 482 796	9 290 233				
Kalkulasjonsverktøy sjølvkost	95 037					
Tømmestasjon bil		150 000				

Hovudvassplan-Valldal Vassverk	3 955	3 096 045				
Vassverk utbygging		500 000				
Vatn Lingås-linge hyttefelt	142 956					
Forlenging vatn/avløp Nerås	222 257					
Private vassverk overtaking	163 716					
Adresseprosjekt skilting	0		500 000			
Bru Øvstestølen	144 750					
Idrettsbane Eidsdal	6 155 692	-2 555 692				
Muribugen	0	250 000				
Sum FDV	11 329 024	12 558 407	1 500 000	0	0	0
Regulering Omenås bustadfelt		150 000		2 000 000	2 000 000	
Tettstadutvikling	0	230 000	500 000	500 000		
Nødnett brannvesen	0	200 000				
Tankvogn brannkorps Eidsdal	225 207					
Sum plan-bygg-	225 207	580 000	500 000	2 500 000	2 000 000	0
Produksjonsanl varme/kulde	615 629	-143 414				
Elektrokjel fjernvarmeanlegg		550 000				
Sum næring	615 629	406 586	0	0	0	0
Sum kyrkja			0	0	0	0
	14 021 437	16 589 488	2 620 000	2 920 000	2 300 000	300 000

Driftsbudsjett Norrdal Eigedomsselskap KF

Økonomiske oversikter

	Budsjett 2015	Reg. budsjett 2014	Rekneskap 2013
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	0	0	0
Andre sals- og leieinntekter	2 641 000	1 980 000	1 820 733
Overføringar med krav til motyting	20 564 953	20 818 000	23 095 212
Rammetilskot	0	0	0
Andre statlige overføringar	822 000	837 000	897 222
Andre overføringar	130 000	0	138 767
Skatt på inntekt og formue	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0
Sum driftsinntekter	24 157 953	23 635 000	25 951 934
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	4 737 000	4 530 000	5 162 612
Sosiale utgifter	1 278 000	1 329 200	1 304 548
Kjøp av varer og ten som inngår i ten.produksjon	6 463 000	6 999 000	6 283 778
Kjøp av tenester som erstattar ten.produksjon	575 000	717 000	889 190
Overføringar	1 085 953	1 000 000	1 145 415
Avskrivningar	5 950 000	6 200 000	5 752 020
Fordelte utgifter	0	0	0
Sum driftsutgifter	20 088 953	20 775 200	20 537 563
Brutto driftsresultat	4 069 000	2 859 800	5 414 371
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	200 000	200 000	101 551
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidlar)	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	200 000	200 000	101 551
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostningar	4 269 000	3 759 000	3 529 935
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidlar)	0	0	0
Avdrag på lån	5 950 000	5 350 000	6 218 000
Utlån	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	10 219 000	9 109 000	9 747 935
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-10 019 000	-8 909 000	-9 646 384
Motpost avskrivningar	5 950 000	6 200 000	5 752 020
Netto driftsresultat	0	150 800	1 520 007
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligare års reknesk.m. mindreforbruk	0	0	567 571
Bruk av disposisjonsfond	0	93 230	0
Bruk av bundne fond	0	0	0

Sum bruk av avsettingar	0	93 230	567 571
Overført til investeringsregnskapet	0	0	2 180 807
Dekning av tidligare års reknesk.m. meirforbruk	0	93 230	0
Avsett til disposisjonsfond	0	150 800	0
Avsett til bundne fond	0	0	0
Sum avsettingar	0	244 030	2 180 807
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0	0	-93 230